



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Ingeborg Kalbekkdalen Guggedal, 51568766

Uttale til søknad om løyve til uttak av grunnvatn til produksjon av postsmolt ved Sønnåhamn, Sauda Aqua AS, Sauda kommune

Statsforvaltaren syner til høyringsbrev frå NVE, datert 13.04.23, med søknad frå Sauda Aqua AS om løyve til uttak av grunnvatn ved Sønnåhamn i Sauda kommune. Det er søkt om konsesjon til uttak av inntil 4 m³ grunnvatn/min. Uttaket er jamt over året og skal nyttast i samband med etablering av postsmoltanlegg.

Aktuelt brønnområde ligg i eit område der hovudmengda av arealet er sett av til friområde i gjeldande kommuneplan. Ei etablering av brønnar i dette området vil difor ikkje vera i tråd med avsett føremål i kommuneplanen.

Undersøkingar og berekningar gjennomført av Cowi AS viser mellom anna at eit uttak av inntil 4m³ grunnvatn/min ikkje vil påverke vassføringa nemneverdig i forhold til berekna lågvassføring i Storelva. Tiltakshavar avskriv i søknaden moglegheita for å nytta avsalta sjøvatn på grunn av miljøkonsekvensar og energibehov. I dag er det ei rekke nye landbaserte akvakulturanlegg som planlegg og legg til grunn avsalting av sjøvatn som teknologisk løysing og vasskjelde for landbasert produksjon av laks. Statsforvaltaren vurderer difor at produksjon bør basera seg på ny teknologi for reinsing av sjøvatn når anlegget er etablert ved eit anadromt vassdrag samt eit verna vassdrag med store naturverdiar. Storelva er også påverka av andre faktorar som vassuttak til klekkjeri, samt vassdragsregulering. Det bør difor sjåast på moglegheitene for bruk av avsaltingsanlegg, og gjera ei grundigare kartlegging av kva eventuelle miljøkonsekvensar det vil gi i det aktuelle området. Ut i frå den informasjonen som Statsforvaltaren har motteke i saka er det inga utgreiing eller konsekvensanalyse på dette feltet frå tiltakshavar si side. Det er heller ikkje gjort ei utgreiing av moglegheitene for å nytta vatn frå kraftstasjon som ligg like ved planlagt anlegg. Statsforvaltaren vurderer at å eventuelt nytta vatn frå Nordelva ikkje bør vera eit alternativ då dette vil føra til direkte påverking på eit verna vassdrag med store naturverdiar som kan verta negativt påverka.

Statsforvaltaren føreset at dersom det likevel blir teke ut grunnvatn frå dei føreslegne brønnane skal vassføringa i det verna vassdraget Nordelva ikkje blir påverka som følgje av tiltaket, jf. kap. 3 i



forskrift om retningslinjer for verna vassdrag. Statsforvaltaren legg vidare til grunn at uttak av grunnvatn ikkje påverkar landbruksjorda eller produksjonen på eigedom 46/1 negativt.

Det er registrert raudlista artar som vipe (CR) og gråsporv (NT) ved føreslege brønnområde. Det er difor viktig at NVE stiller krav om avbøtande tiltak med omsyn til fugleliv i området under eventuelt anleggsarbeid. Det er også registrert framande artar i området. NVE bør setja krav om tiltak for å hindra spreiding av desse artane.

Statsforvaltaren vurderer at dersom vassleidningar skal kryssa Storelva bør dette gjerast ved styrt boring under elva for å unngå negativ påverknad på elvebotnen i tillegg til at ein unngår fare for etablering av vandringshinder. På austsida av Storelva er det tett kantvegetasjonen av lauvtre. Det er viktig at denne blir teke omsyn til, og at ein unngår inngrep i kantvegetasjonen i størst mogleg grad.

NVE må sikra ivaretaking av dei ovannemnte tilhøva i vidare sakshandsaming, samt i vilkår i ein eventuell konsesjon. Statsforvaltaren ser her på overvaking som eit naudsynt verktøy for å sikra dokumentasjon på at mellom anna vassføringa i Storelva og Nordelva ikkje blir påverka som følge av tiltaka.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Ingeborg Kalbekkdalen Guggedal
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

Kopi til:

Sauda kommune

Postboks 44

4201

Sauda